

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F840	Knut Øyjordet	17.04.20	10/20

UTVISING AV LEDIG DYRKINGSPARSELL VED TESSE

Saksdokument:

1. Innkomne søknader.
2. Brev frå fjellstyret av 17.03.20 til kommunen og Statskog.
3. Brev frå Statskog av 23.03.20 til fjellstyret (uttale).
4. Brev frå kommunen av 03.04.20 til fjellstyret med vedlegg (uttale).

Saksutgreiing:

Fjellstyret lyste tidlegare i vinter ut ein ledig dyrkingsparsell ved Tesse, som førre brukaren (Rolv Ivar Bergdølmo) hadde sagt frå seg. Den ligg ved Endasetra, er på totalt ca. 22 dekar, der nesten alt er dyrka. Parsellen vart annonsert i «Informasjon frå landbrukskontoret», eit informasjonsblad som landbrukskontoret sender ut til alle gardbrukarar, samt at det vart annonsert på heimesida til fjellstyret, og med søknadsfrist 10. mars. På søknadsskjema skulle søkjarane m.a. skulle skrive bruksform på garden og grunngjeving for behovet for meir dyrkingsareal.

Følgjande har søkt (rekkefølge etter dato for innsending av søknad), og med driftsform på garden:

Erik Ødegård, kjøtproduksjon (storfe)
Hallstein Ringneset Brenden, kjøtproduksjon (sau)
Odd Magne Oden, kjøtproduksjon (sau)
Ola Nasset, mjølk- og kjøtproduksjon (storfe)
Jo Aasheim, kjøtproduksjon (sau)
Berit Jeanne Brun, mjølk- og kjøtproduksjon (storfe)

Søknadene og dei andre saksdokumenta er kopiert opp og lagt ved saka. Alle søkjarane har grunngjeve søknaden med at det er behov for meir eigenprodusert fôr. Mange kjøper i dag rundballar og/eller leiger jord, og omfanget av dette har mange av søkjarane skreve om i søknaden. Vedlagt uttala frå kommunen følgjer statistikk for kvar søkjar, m.a. oversikt over fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite, samt omfang leigd areal, mjølkekvote og tal på dyr.

I seterforskrifta (§ 20) står det at jordbrukarar med beiterett kan få utvist dyrkingsjord. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog og eventuelt allmenningsstyret for fråsegn. Saka har nå vore til høyring i kommunen og Statskog. Sidan dette gjeld ein eksisterande parsell, så har ikkje saka vore sendt til høyring til allmenningsstyret. Det er tatt munnleg kontakt med allmenningsbestyraren, som meiner at dette er ei sak som allmenningsstyret ikkje vil gje uttale på.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Kommunen skriv i si uttale m.a. følgjande:

Ved tildeling av dyrkingsjord må det vurderast behov og om utvisinga av parsellen gir ein driftsmessig god løysing. Behovet kan vere uttrykt i % leigejord i forhold til totalt disponert areal i produksjonstilskottsøknaden. Sjølv med stor del leigejord er det ikkje sikkert talet på daa leigd jord er stor. Ein liten sauebesetning treng lite jord i forhold til ein gard med stor mjølk- og kjøtproduksjon. I tillegg er det fleire som kjøper ein del av grovføret sitt. Dette vil variere frå år til år avhengig av avlingsnivået på disponert areal.

Driftsmessig god løysing kan vere at driftssenteret ligg i nærleiken av parsellen, eller at ein driv jord/seter i nærområdet. Kort avstand til driftssenteret gir mindre transportkostnader og billigare grovfør. Det er gunstig å unngå førtransport etter fylkes- og riksvegar, sjølv om det er vanleg i Vågå.

Det er mange gode søkjarar med mykje behov for dyrkajord. Vedlagt ligg eit rekneark som syner detaljopplysningar for dei 6 som har søkt. Det er to gardbrukarar med mjølkeproduksjon og høg del leigejord. Mjølkeproduksjon er arealkrevjande. Ein driv med ammekuproduksjon på storfe og har muligheter for å starte opp med mjølkeproduksjon. Det er tre sauebrukarar der to stk har høg del leigejord. Berit Brun har sommarmjølkeproduksjon på setra si, Ripstrondsetra. Ola Nettet disponerer areal i Synstlia i tillegg til seter etter Strondsetervegen.

Ut frå vedlagt dokumentasjon vil vi rå til følgjande prioritering:

1. Ola Nettet.

Grunngjeving: Har stor del leigejord. Har seter etter Strondsetervegen med aktiv seterdrift, ca. 6 km frå teigen. Leiger jord i Synstlie. Driftssenteret ligg ca. 12 km frå teigen. Han førebur driftsbygningen sin på lausdriftskravet. Driftsmessig blir det ei grei løysing.

2. Berit Jeanne Brun.

Grunngjeving: Har stor del leigejord. Har seter etter Strondsetervegen med aktiv seterdrift, ca. 6 km frå teigen. Driftsmessig blir det ei grei løysing.

Statskog skriv i si uttale:

Statskog har ingen innvendinger til at arealet utvises som tilleggsjord. Statskog ber om at Vågå fjellstyre vurderer søkers behov med bakgrunn i uttale fra Vågå kommune v/landbrukskontoret.

Før 2010 var det Statskog som hadde ansvaret for utvising av dyrkingsjord/parsellar. Etter ei endring i seterforskrifta vart fjellstyra tillagt denne oppgåva. Det er fyrst i seinare år at det har vorte aktuelt for fjellstyret med utvising av ledige parsellar, m.a. fordi fjellstyret har starta ein prosess med gjennomgang av bruken og statusen til dyrkingsparsellar. Dette kan føre til saker med vedtak om frifall, og vidare prosessar med utvising til ny brukar. I denne saka vart parsellen ledig fordi tidlegare festar/brukar hadde sagt den frå seg.

Når fjellstyret har fatta vedtak om ny utvising, vil utskrift av saka og med vedtak bli sendt til søkjarane på vanleg måte, og med klageadgang. Når vedtaket er rettskraftig, må den nye brukaren og den førre bli samde om ein sum for overtaking. Det er ikkje fastsett noko retningsliner for dette. Vi er kjent med at det i ei liknande sak tidlegare i Langmorkje vart innhenta takst.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Vurdering:

Fjellstyret har ikkje fastsett retningsliner for tildeling av ledige dyrkingsparsellar, og det står heller ikkje noko om dette i seterforskrifta med merknader ang. utvisning av dyrkingsjord. For fjellstyret vil det derfor i tillegg til opplysningar i søknadene og i uttale frå kommunen med faktaopplysningar, måtte bli utvist eit skjønn i vurderinga og det endelege valet av kven som skal overta parsellen.

Det er generelt mange som har behov for meir areal for produksjon av grovfôr, noko som utlysinga av ledige dyrkingsparsellen i Synstlie viste, der det var 17 søkjarar. Alle dei seks søkjarane driv med mjølk- og/eller kjøtproduksjon og treng meir fôr utover det ein får produsert på eige areal. Fjellstyret bør leggje vekt på omfang av behov for meir grovfôr, mengde leigejord av fulldyrka areal, og ikkje minst nærleik til gard og/eller seter/dyrkingsparsell som søkjaren har. I uttala frå kommunen er det gjort ei prioritering, og blant dei to søkjarane som driv med mjølkeproduksjon.

I slike saker kan det vera vanskeleg å kome med ei innstilling. Dette fordi alle søkjarane driv med mjølke- og/eller kjøtproduksjon, og har behov for meir fulldyrka areal. Og det er ingen som har sjølve gardsbruket og-/eller seter/dyrkingsparsell innved den ledige parsellen. Kommunen har prioritert blant dei to som driv med mjølkeproduksjon, tydelegvis fordi dette er arealkrevjande og båe to har ein del leigejord. Båe har seter etter Strondsetervegen, og med produksjon av sommarmjølke på setra. Avstanden frå gardsbruka i bygda til parsellen er nokså lik for desse to.

Innstilling til vedtak:

I medhald av § 19 i fjellova og § 20 i Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning, viser fjellstyret den ledige parsellen ved Tesse på festnr. 840 til Ola Nesset. Fjellstyret grunngjev dette med han har mykje leigejord, driv med mjølkeproduksjon som er arealkrevjande og han har ei nokså stor mjølkekvote. Sjølve garden og setra ligg dessutan i rimeleg avstand frå parsellen, og ein del av leigejorda han disponerer ligg i Synstlie. Det vil slik sett vera ei driftsmessig bra løysing at han får utvist parsellen. Kommunen har dessutan prioritert utvisning til han i si uttale.

I møtet trekte dagleg leder innstilling til vedtak. Dette med bakgrunn i at fjellstyret i behandlinga av sak 9/20 vedtok å utvise den ledige parsellen i Synstlie til Ola Nesset.

Vedtak:

Samrøystes: I medhald av § 19 i fjellova og § 20 i Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning, viser fjellstyret den ledige parsellen ved Tesse på festnr. 840 til Jo Aasheim. Fjellstyret grunngjev dette med at han har svært mykje leigejord, er den av søkjarane med minst eige grovfôrareal sett i forhold til produksjon. Fjellstyret meiner behovet for meir grovfôrareal sett i forhold til produksjon og ressursgrunnlaget på eigen gard bør vektast tungt. Sjølve garden og setra ligg dessutan i rimeleg avstand frå parsellen, og ein del av leigejorda han disponerer ligg i nærleiken. Det vil slik sett vera ei driftsmessig bra løysing at han får utvist parsellen.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Gunn Berit Aasheim var inhabil i saka og deltok ikkje i behandlinga. Varamedlem Rita Danielsen Benrud deltok i behandlinga av saka.

Rett utskrift. Går til:

Jo Aasheim
Dei andre søkjarane på parsellen
Vågå kommune
Statskog SF

Kopi til:

Rolv Ivar Bergdølmo

Vågåmo, 17.04.20

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no